



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Dispensasjon - Alver 102/5 - Vabø - frådeling

Vi viser til brev frå kommunen datert 20.10.23. Saka gjeld søknad om frådeling av 2 tomter frå gnr. 102 bnr. 5. Tomtane er om lag 1000m² og 900m². Sjølve landbrukseigedomen er på om lag 180daa.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel for Lindås er definert som LNF. Tiltaket krev dispensasjon frå LNF-føremålet, PBL § 1-8 sjø og plankrav i KPA §2. Det er søkt om dispensasjon for alle nemnte føremåla.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Det er søkt om frådeling av to areal frå landbrukseigedomen. Det er opplyst at areala skal nyttas som i dag. Det er i søknaden ikkje gitt ein grunngeving av kvifor det søkast om frådeling.

Statsforvaltaren meiner i utgangspunktet at å dele ifrå areal frå ein landbrukseigedom utan ein særleg grunn, er uheldig arealforvaltning av landbrukseigedomen. I tillegg har begge areala ein storleik til ein typisk bustadtomt. Det er difor pårekeleg at det på eit seinare tidspunkt vil kome eit byggepress på desse areala. Den eine tomta ligg i ei skråning i strandsona. Det er ikkje ønskeleg med auka byggepress der.

Statsforvaltaren rår til at kommunen ber om at søker opplyser kvifor ein ønsker å dele frå dei to areala til uendra bruk. Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent